

- Blir ikkje lett å slå Vegard

17.06.2011



Laurdag klokka 12 startar konkurranseklassa i det tredje Solfjelløpet og gruppeleiar Ole Vidar Monsen skal sjølv vera med.

Men han innrømmer at det ikkje blir lett å slå Vegard Aarthun Bergane frå Matre. Mykje tyder på at han, som har vunne alt i det siste, tek sin tredje siger i Uskedalens motbakkeløp.

- Alt er klart og vi har mange fine premiar, lokkar Monsen, som også er 'gründar' av dette løpet og stor motbakke-entusiast.

Han minnar om at starten for mosjonistane går 2 timer før konkurranseløparane legg av garde. Trimmerane kan berre møta fram, dei trenger ikkje å meldt seg få på førehand. Eit nytt innslag er familietrimmen opp til Storhaug, ein form for rebusløp. Alle som når toppen får deltakarbevis og det blir trekt ut premievinnarar. Pengepremiar fristar i konkurranseklassa.

På biletet over er favoritten Vegard saman med primus motor Ole Vidar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)